



KOPI

Helga Wigestrands Moe og Bjørn Moe  
Østre Nordeidbrekka 15  
5252 SØREIDGREND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/306 - 14/21148

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
02.10.2014

## Utsleppsløyve for gbnr 62/12 og 13, 62/14, 62/24 og 62/27 - Tofting.

**Administrativt vedtak. Saknr: 294/14**

**Tiltakshavar:** Bård Aulin  
**Ansvarleg søkjer:** Båtevik Bygg AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 4 fritidsbustadar på gbnr 62/12 og 13, gbnr 62/14, gbnr 62/24 og gbnr 62/27. Det skal etablerast nytt utslepp til sjø med felles slamavskiljar. Utsleppet sin storleik er oppgitt til 20 pe.

Søknaden gjeld etablering av nytt utslepp frå eksisterande hytte på gbnr 62/12,13, endring av gitt utsleppsløyve datert 27.05.2013 for nyleg godkjend hytte på gbnr 62/24, endring av utsleppsløyve for hytte på gbnr 62/27 som hadde eit eldre utsleppsløyve frå 1970-talet og utsleppsløyve for gbnr 62/14 som er ubebygd.

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.06.2014.

#### Planstatus



Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde for fritidsbustadar. Byggeområdet er omfatta av det generelle kravet om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak etter pbl §§ 20-1 og 20-2 kan godkjennast. Størstedelen av tiltaket ligg også innanfor byggjegrensa for funksjonell strandsone i kommuneplanen. Omsøkte tiltak er følgeleg avhengig av både dispensasjon frå punkt 1.1 i bestemmelsane til kommuneplanen og byggjegrensa for funksjonell strandsone for å kunne godkjennast. Løyve til dispensasjon er gitt i vedtak datert 02.10.2014.

### **Nabovarsel**

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.

Eigar av gbnr 62/11 har i skriv mottatt 18.06.2014 kome med merknader til søknaden. Dei skriv at dei reint generelt ikkje har merknader til det gjeldande bygge- og anleggsprosjektet. Men at dei vil gjera merksam på at vassforsyninga til alle hyttene frå og med deira eigedom og mot Myksvoll kai skjer frå myrdraget/terrengsenkinga langs veg på same strekning. Dei ber om at det ved anleggsverksemd i tilstøytande område og ved etablering av permanente installasjonar i området eller tilstøytande område vert tatt omsyn til vassforsyninga for å unngå forureining eller skade/reduksjon/ekstra drenering på vassforsyninga. I tillegg vert det tatt opp fleire tilhøve av privatrettsleg art. Dei ber elles om at skrivet vert registrert på byggjesak på gbnr 62/24 der det allereie er godkjend oppføring av ny hytte, tilkomstveg m.m. og at ansvarleg søkjar vert orientert.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har svart på merknaden i skriv mottatt 07.09.2014.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist på kart i målestokk 1:100 datert 02.01.2013

### **Reinseløysing**

Avlaupet skal reinast i felles slamavskiljar før det vert ført vidare ut i sjø til 20 m djupne.

### **Privatrettslege tilhøve**

Eigar av gbnr 62/12,13 er oppført som tiltakshavar. Båtevik Bygg AS er ansvarleg søkjar og har signert søknaden. Det må dokumenterast at ansvarleg søkjar har fullmakt til å signera på vegne av ansvarleg eigar. Det er inngått avtale mellom eigarane av gbnr 62/27, gbnr 62/24, gbnr 62/14 og gbnr 62/12-13 om gjensidig rett til å føra kloakkledningar og anlegg over eigedomane mm.

## **VURDERING**

### **Nabomerknad**

Nabo har generelt ikkje merknader til det omsøkte tiltak, men tek opp privatrettslege tilhøve knytt til denne saka og tidlegare byggjesaker på eigedomen gbnr 62/24. Omsøkte avlaupsanlegg ligg lågare plassert i terrenget og vil slik administrasjonen ser det ikkje påverka vassforsyninga til gbnr 62/11 m.fl. Naudsynte omsyn til drikkevasskjelde må likevel takast. Når det gjeld dei private tilhøva som elles er tatt opp må partane sjølv ordna opp i dette, jf pbl § 21-6.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 02.01.2013.

#### **Reinsekrav**

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre.

#### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår at slamtømming skal skje på ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta. Dvs maks 100 m frå køyrbar veg og 8 m løftehøgde.

#### **Godkjenning etter andre lovverk**

Løyve til dispensasjon og etablering av anlegget etter pbl § 20-1 er gitt i vedtak datert 02.10.2014.

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå 4 fritidsbustadar, inntil 20 pe, i samsvar med søknad mottatt 18.06.2014 og på følgjande vilkår:**

- 1. Avlaupet frå eigedomane skal førast til felles slamavskiljar på 12 m<sup>3</sup> før avlaupet vert ført i tett leidning til sjø på 20 m djupne.**
- 2. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast i samsvar med vilkåra i forskrift for kommunal slamtømming.**
- 3. Det skal betalast årsgebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- 4. Det skal dokumenterast at ansvarleg søkjar har fullmakt til å signera på vegne av ansvarleg eigar.**
- 5. Dette løyvet erstattar tidlegare gjevne utsleppsløyve for eigedomane gbnr 62/24 og gbnr 62/27.**
- 6. Eigedomene skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 7. Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf forureiningslova § 7.**
- 8. Det må liggja føre naudsynt løyve etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

## Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

## Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

## Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

## GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp kalkulert < 50 pe	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,-

## Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/306.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bård Aulin	Sætervegen 10 C	5236	RÅDAL
Gunnar Larsen	Sollien 87a	5096	BERGEN
Helga Wigestrands Moe og Bjørn Moe	Østre	5252	SØREIDGREND
Kari Elisabeth O' Sullivan	Nordeidbrekka 15		
Kathrine Båtevik	Langarinden 158	5132	NYBORG
	Steinestøvegen	5108	HORDVIK
	743		